



Hei og velkomen som elev på jazzlinja ved Voss folkehøgskule.

Her vil du få høve til å jobba med jazz i naturskjønne og inspirerende omgjevnader. Eg ser på jazzen litt som musikken sin ekstremsport, det handlar om å kasta seg ut i det og å vere litt fryktlaus. Derfor var det på høg tid at det kom ei jazzlinje her på folkehøgskulen og på Voss.

Me vil fokusere på samspel og improvisasjon i undervisninga. Dette er grunnlaget som me jobbar ut i frå. Me kjem til å læra oss ulike standardlåter, friare improvisasjon og litt folkemusikk. Dette året skal me forsøke å få musikken inn under huden gjennom å jobba med gehøret, utvida vår rytmiske forståing og ha innføring i jazzteori. Eg tenker at eit år på jazzlinja vil gje deg eit unikt høve til å spela mykje saman med andre jazzinteresserte og tilbringe tid med instrumentet ditt. Det å ta del av eit slikt miljø vil gjere deg til ein tryggare og meir sikker musikar. Me vil jobba for at me kjem til å kjenne på masse speglede, musikk handlar om å ha det kjekt.



Det er også tilgang til eit flott studio ved skulen. Her skal me spele inn og dokumentere musikken me jobbar med og verte kjend med innspelingssprossesen. Me kjem og til å ha samarbeid med lyd og musikkproduksjonslinja, her tenker eg det er mykje å læra frå kvarandre i form av kompetanse, samarbeid og inspirasjon.

I bygda Voss har me mange flotte festivalar som me skal ta del i. Musikarar og musikk i verdensklasse kjem innom Vossajazz og Osafestivalen. Me planleggjar besøk av dyktige musikarar i løpet av året, her vil du kunne få lære mykje.



Etter planen vert det studietur med tog frå Voss og ut til Europa, noko eg personleg gler meg mykje til. Her skal me ta pulsen på jazz i Europa og få påfyll av inspirasjon og inntrykk.



Eg ser fram til å treffe og å jobbe med dykk!

Med ynskje om ein god sumar!

Hjarteleg velkomen til hausten!

Venleg helsing



Jazzlinja, ved lærar Bjørnar Kaldefoss Tveite.